



FJORD BASE AS
Postboks 323
6901 Florø

Sakshandsamar:
Britt Solheim

Rapport frå inspeksjon ved Fjord Base AS 29.09.2021

Kontrollnummer: 2021.091.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Kim Gunnar Jensen
Stig Førde
Geir Norevik

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Anette Heggøy
Ragnhild Austbø Kjønøy
Britt Solheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Fjord Base AS den 29.09.2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekket 2 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda er i brot med krav i forureiningsforskrifta
- Avvikssystemet for ytre miljø omfattar ikkje utslepp av spillvatn

Merknader:

- Risikovurdering for ytre miljø bør oppdaterast

Dokumenter er elektronisk godkjent

Britt Solheim
senioringeniør

Anette Heggøy
overingeniør

Kopi til: Kinn kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: FJORD BASE AS	
Organisasjonsnr.: 975026558	Eigd av: 939535977
Bransjenr. (NACE-kode): 68.209 - Utleie av egen eller leid fast eiendom ellers	

Kontrollert eining

Namn: Fjord Base AS	Anleggsnr.: 4602.0023.01
Kommune: Kinn	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Privat avløpsanlegg	
Løyve gitt: 15. desember 1982	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sin aksjon for private avløpsanlegg i 2021 i store tettbygde område.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Krav i utsleppsløyve
- Reinsekrav
- Årsrapportering
- Prøvetaking

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Fjord Base AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Fjord Base AS innan 1. februar 2022 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis ulovlege tilhøve er følgde opp og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

4. Pålegg om opplysningar

Fjord Base AS må sende følgjande opplysningar til Statsforvaltaren i Vestland innan 1. februar 2022:

- Utgreiing om tiltak som skal gjennomførast for at verksemda skal stette krav i forureiningsforskrifta § 11 og § 14, og ein framdriftsplan med fristar for dette arbeidet.
- Framdriftsplan og fristar for kor tid anlegga skal vere ombygde for å kunne gjennomføre akkreditert prøvetaking. Tilbakemeldinga må omfatte kva for akkreditert selskap som skal nyttast for prøvetakinga

Pålegget er gitt med heimel i forureiningslova § 49.

Klagerett

De har rett til å klage på pålegg om opplysningar dersom de meiner at de ikkje har plikt eller løyve til å gi slike opplysningar. Ein klage bør grunngjevast, og han skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland seinast **3 dagar** etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 14. Ein klage kan vere både skriftleg og munnleg.

5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 1. september 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Fjord Base AS betale eit gebyr på kr 27 100,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til

Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og på nettstaden www.norskeutslipp.no.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda er i brot med krav i forureiningsforskrifta

Avvik frå:

- Forureiningsforskrifta § 14-17
- Forureiningslova § 7

Kommentarar:

Krav i løyvet

Fjord base AS har utsleppsløyve for utslepp av avløpsvatn frå Botnaneset Industriområde, dagsett 15. desember 1982 for 180 pe, med endringar av 22. november 1989. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav i 1982 løyve til utslepp for inntil 180 pe med utslepp til 20 meters djupne etter reinsing i slamavskiljar. Fjord Base AS søkte 9. november 1989 om endring av løyvet, slik at avløpsvatnet frå nytt kontor/lagerbygg kunne førast via ein eigen slamavskiljar til djupt vatn i eiga utsleppsleidning. Verksemda har i dag utsleppsløyve for utslepp av i alt 180 pe med utslepp via to slamavskiljarar, to utsleppleidningar og utslepp i to ulike resipientar.

Krav i forureiningsforskrifta kapittel 14

Forureiningsforskrifta kapittel 14 gjelder utslepp av kommunalt avløpsvatn frå tettstadar med samla utslepp større enn 10 000 pe til sjø. Definisjon på kommunalt avløpsvatn står under forureiningsforskrifta § 11-3. Definisjonar.

Forureiningsforskrifta § 14-17 omhandlar forhold til eksisterande utslepp. Løyve gitt i medhald av forureiningslova før 1. januar 2007 gjeld framleis men med endringar: Forureiningsforskrifta § 14-5 og § 14-9 til § 14-14 erstattar løyva sine krav til avløpsnett, overvaking, utforming og drift av reinseanlegg, prøvetaking, analyse, vurdering av analyseresultat og varsling av avvik frå reinsekrav. § 14-6 til § 14 -8 erstattar krav til reinsing. Nemnte forskriftskrav erstattar krava i løyvet. I tillegg gjeld også forureiningsforskrifta § 14-17 b).

Statsforvaltaren kan fastsetje mindre omfattande reinsing enn sekundærreinsing jf. § 14-8.

Kinn kommune fekk løyve til primærreinsing for utslepp av kommunalt avløpsvatn i det tettbygde området Florø/Brandsøy den 20. juni 2016. Det vil sei at alle utslepp over 50 pe i det tettbygde området (og dermed også utslepp frå Fjord Base) må oppnå primærreinsing jf. § 14-2.

Primærreinsing er ein reinseprosess der både:

1. BOF₅ -mengda i avløpsvatnet blir redusert med minst 20 % av det som blir tilført reinseanlegget eller ikkje overstig 40 mg O₂/l ved utslepp og
2. SS-mengda i avløpsvatnet skal reduserast med minst 50 % av det som blir tilført reinseanlegget eller ikkje overstig 60 mg/l ved utslepp

Avviket byggjer på følgjande:

For Fjord Base AS, gjeld krava i § 14-8, som omhandlar utslepp til mindre følsamt område, frå 31. desember 2008. Verksemda kan ikkje dokumentere at reinsekrava er nådde. Ved tilsynet blei det opplyst at det ikkje blir teke prøver av utslepp frå dei to anlegga. Slamavskiljarane er ikkje utstyrt med prøvetakingsutstyr for akkreditert prøvetaking. Akkreditert prøvetaking er dermed ikkje implementert for avløpsanlegga, jf. forureiningsforskrifta § 14 -11.

For å kunne stette krava i forureiningsforskrifta, må begge reinseanlegga oppgraderast, slik at krav i forskrifta kan nåast og verksemda må:

- overvake resipientane som har utslepp av avløpsvatn, jf. § 14-9
- oppgradera anlegga for representativ og akkreditert prøvetaking av tilført og reinsa avløpsvatn, jf. § 14-10
- måle mengde avløpsvatn, jf. § 14-10
- ta seks prøver for BOF₅, KOF_{Cr} og Tot-P ved akkreditert prøvetaking per avløpsanlegg mellom 50 pe til 1000 pe, jf. § 14-11
- analysere prøvar for BOF₅, KOF_{Cr} og Tot-P, jf § 14-12
- vurdere prøveresultata for å sjå om reinsekrava blir oppnådde, jf. §14-13

Verksemda må sende Statsforvaltaren opplysningar innan 1. februar 2022 om korleis dette vil bli retta opp. Sjå pålegget i punkt 4.

Avvik 2

Avvikssystemet for ytre miljø omfattar ikkje utslepp av spillvatn

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 2. ledd punkt 7

Kommentarar til regelverket:

Internkontrollforskrifta § 5 2. ledd punkt 7 har krav om at verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje overskridingar av krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgjevningen, under dette avviksbehandling.

Avviket byggjer på følgjande:

Verksemda nyttar Plania for driftskontroll. Hendingar og driftsmeldingar frå anlegget vert loggført i dette systemet. Avvik vert ført i kvalitetssystemet Input Process. Her finn ein avvikshendingar, men verksemda opplyste ved tilsynet at systemet ikkje er i bruk for spillvatn og avløpsreinsanlegg.

8. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Miljørisikovurderinga for ytre miljø kan betrast

Kommentarar:

Verksemda har gjennomført risikovurdering for avløp. Risikovurdering av slamavskiljarane manglar. Gamle slamavskiljarar av betong kan til dømes ha brestar som kan føre til utslepp av ureinsa avløpsvatn til sjø. Vurdering av utslepp via slamavskiljarane til sjø utan prøvetaking, er ikkje med i risikovurderinga.

9. Andre forhold

Fjord base er den største forsyningsbasen til offshoreindustrien i Norge. Fjord Base AS er eit eigeomsselskap som har ansvar for utbygging av baseområdet med utleigebygg, kaiar og tekniske anlegg på Fjord base i Florø. I dag er det i alt 650 tilsette i 65 selskap på basen. Arealet er på 800 000 m² og nytt areal blir stadig bygd ut for å få større plass. Basen har gode kaianlegg med over 2000 skipsanløp i året.

Plan og bygningslova § 27- 2. Avløp, har krav om at når offentleg avløpsleidning går over eigedommen eller i veg som støyter til han, eller over nærliggjande areal, skal bygning som ligg på eigendommen, knytast til avløpsleidninga. Dersom dette etter kommunen sitt skjønn vil gje uforholdsmessig store kostnader eller særlege omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne ei anna ordning. Kommunen kan i andre tilfelle enn nemnt i andre ledd, krevje at bygning skal knytast til avløpsleidning når særlege omsyn tilseier det.

Reglene i andre og tredje ledd gjelder også for eksisterande byggverk.

På tilsynet kom det fram at verksemda så langt ikkje har tatt ei avgjerd om å knytte seg til det kommunale avløpsnett.

Statsforvaltaren skal endre verksemda sitt utsleppsløyve i tråd med krava gitt i forureiningsforskrifta kapittel 14.

10. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

11. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)